

# B L Y T T I A

NORSK BOTANISK FORENING'S TIDSSKRIFT



B I N D 2

H E F T E 4

---

OSLO 1944

### Innhold.

Side

Søvik, Nils: Om vegetasjonen på flygesandfelt på Stad .....	81
Hagen, Asbjørn: Nye norske lokaliteter for <i>Onygena equina</i> og <i>O. corvina</i> ..	100
Braarud, Trygve: Klassetur i botanikkundervisningen .....	105

---

### Norsk Botanisk Forening.

#### Styre for 1944.

Konservator dr. ERLING CHRISTOPHERSEN, formann; konservator dr. O. A. HØEG, nestformann; universitetsstipendiat GEORG HYGEN, sekretær; gravør HALFDAN RUI, kasserer; cand. real. GUNNAR A. BERG; cand. real. MIA ØKLAND.

Foreningens formål er å fremme interessen for botanikk og øke det alminnelige kjennskap til plantene. Det holdes møter med foredrag i vinterhalvåret og ekskursjoner i sommerhalvåret. Nye medlemmer tegner seg hos formannen, adr. Botanisk Museum, Oslo, eller hos ett av de andre styremedlemmer. De som er bosatt i Trøndelag tegner seg hos konservator dr. O. A. Høeg, Videnskaps-selskapet, Trondheim. Medlemskontingennten er kr. 8.00 pr. år for ordinære medlemmer, kr. 2.50 for medlemmer som ikke får tids-skriften *Blyttia*.

### Blyttia.

Redaktør: konservator dr. ERLING CHRISTOPHERSEN.

Redaksjonskomité: universitetsstipendiat GEORG HYGEN, stats-mykolog dr. IVAR JØRSTAD, bibliotekar PETER KLEPPA, konservator JOHANNES LID.

Redaksjonens adresse: Botanisk Museum, Oslo 45.

Ekspedisjon: A. W. Brøggens Boktrykkeri A/S, Oslo 10.

*Blyttia* utgis av Norsk Botanisk Forening og kommer i kvartals-hefter som sendes til alle ordinære medlemmer. Abonnementsprisen for ikke-medlemmer er kr. 10.00 pr. år fritt tilsendt innen landet.

# Om vegetasjonen på flygesandfelt på Stad.

Av

NILS SØVIK †

Forfatteren foretok i årene 1934—1938 undersøkelser over vegetasjonen på noen flyvesandfelter på Stad og Møre, og resultatene ble innlevert som hovedfagsoppgave til matematisk-naturvitenskapelig embedseksamen våren 1939. Følgende artikkel omfatter bare en del av det etterlatte manuskript, tilrettelagt for trykning ved redaksjonskomiteen. Det er komiteens håp også å få andre deler trykt i Blyttia.

## Innleiing.

På Stad-landet granska eg dei to sandfelta som ligg ved Hoddevik og Ervik i Selje herad, Sogn og Fjordane fylke. Begge desse stadene er det flate sandstrender med langgrunn sandbotn ut i sjøen. Det vert då laglege tilhøve for transport av sand med sjøen og båredraget framover mot flodområdet. Høgdeskilnaden mellom flod og fjøre er også stor nok til at større deler av den flate sandstranda normalt vert liggjande turr fleire timer om gongen, ved 14-dags-periodane mellom springflod og lågaste flod til og med i lengre tid (fleire dagar). Når det er lagleg ver, kan sanden då turka så mykje at vinden får tak og kan føykja sanden framover.

Flygesand frå overflata av sanden ved Hoddevik innehold mest kvarts og ein del skjelrestar. Det er lite av andre mineral, litt magnetitt og litt hornblende. Sanden ved Ervik innehold om lag like mykje av kvarts og skjelrestar, lite av andre mineral. Det er konservator Halvor Rosendahl ved Geologisk Museum i Oslo som har hjelpt meg med å analysera sandprøvane. Med omsyn til storleiken på sandkorna, så har eg med ei målelupe gjort nokre målingar i flygesandprøvane. I Hoddevik er sandkorna 0.1—0.8 mm, men største mengda av dei er over 0.5 mm. Sume skjelbitar er opp til 2.5 mm i tverrmål. I Ervik er sandkorna 0.1—1.5 mm, og største mengda av dei er over 0.8 mm. Sume skjelbitar er opp til 4.5 mm i tverrmål. I det heile er sanden ved Ervik grovare enn sanden ved Hoddevik.

Det er teki nokre vegetasjonsanalyser på prøveflater på 1 kvadratmeter. For dekkinga er nytta Hult-Sernanders skala 1—5. Dei latinske plantenamna er i samsvar med Lid: Norsk flora, Oslo 1944.

### Sandfeltet ved Hoddevik.

Kring Hoddevik er det bratte fjell på tre kantar, berre mot nordvest er det opning i fjellrekka, og her går Stadhavet heilt inn på. Utafor Hoddevik er det ingen øyar eller holmar som gjev livd for storm og båredrag. Sjølve bukta er grunn, og med sandbotn langt utover. Her er då òg som ein kunne venta, ei brei sandstrand langsmed heile den indre delen av bukta. Denne sandstranda er nærpå 1000 m lang, og om sumaren opp til 100 m brei på midten. Dette er då rekna frå vanleg flodmål om sumaren til høgste springflood. Denne flate sandstranda ligg so høgt at ho sjeldan vert overfløynd av sjøen om sumaren, og heller ikkje i roleg ver om vinteren. Av di sandstranda ligg turr kanskje største parten av året, vert det her dei beste tilhøve for sandfok og flygesand fram over frå stranda.

Dei bratte fjellskråningane på alle kantar kring Hoddevik utan i nordvest gjer at visse vindretningar får overtaket. Det er då fyrst og fremst vind frå nordvest og nord, dessutan frå søraust, men denne siste er ikkje så sterk. Etter dei opplysningane eg har fått av bygdefolk, er nordvesten den hardaste, men også den jamnaste. Svingar derimot vinden meir mot nord, vert det kastevind. Nordavinden er òg ofte svært sterk, det hender ikkje so sjeldan at han kan gjera skade på husa.

Som ein vil sjå av kartskissa over Hoddevik (fig. 1), og av biletet (fig. 2), er det i fjellskråninga på søre sida av bygda lagt opp ein stor sandmele. Når ein kjem på staden, er det lett å sjå at det er den sterke nordvestvinden og nordavinden som er opphavet til denne sandmelen. Det er ikkje sandfok fram over bøen på storparten av den nordlege delen av stranda. Frå aust og søraust kan det stundom blåsa nokså hardt gjennom skardet der vegen kjem over til Hoddevik, men denne vinden er på langt nær so sterk som vinden fra motsette kanten, og er vel knapt årsak til større endring av sandmelen.

Denne store sandmelen er om lag 700 m lang, og om lag 170 m brei på midten. Øvst oppe under fjellet går den jamnt over i fjellskråninga i ei lengd av ca. 40 m. På begge sider av denne jamne skråninga er det inn mot fjellet ei nokså djup renne, på sine stader 8—10 m djup. Det er flaumvatnet frå fjellet som samlar seg i bekkefar og aurar med seg sanden i denne renna langsmed fjellsida. Renna går ved austre enden av den store sandmelen saman med eit større bekkefar som kjem gjennom fjellsida. Her braut bekken seg veg gjennom sandmelen for nokre år sidan, og aurar no kvart år mykje sand ned over bøen i flaumtida. På denne måten er fleire mål jord øydelagd.

På nordvestsida av høgste området i sandmelen har det òg laga seg ei liknande renne mellom sandmelen og fjellskråninga,




Fig. 1.

men det er her mindre tilsig av vatn, så denne renna jamnar seg ut eit stykke lengre nede ved fjellsida.

I fylgjande utgreiing om vegetasjonen nyttar eg den inndeling i vokstersoner som er sett opp av SERNANDER (Sv. Bot. Tidskr., 11, pp. 72—124, 1917). Etter denne inndeling er supralitoralen den delen av stranda som ligg mellom det normale flodmålet og den øvre grensa for bylgjeslaget. Den nedre supralitoralen, »svallbältet«, er utsett for det vanlege bylgjeslaget, medan den øvre supralitoralen, »stormbältet«, ved vanleg flodmål berre

vert dekt av skum frå stormbylgjene, men kan ved springflood koma under vatn for ei kortare tid. Epilitoralen er det beltet ovanfor supralitoralen som er utsett for den lokale verknaden av sjøen: verknaden av vinden og sjødrivet, av saltet, av lysrefleksen og anna.

#### *Den nedre supralitoralen.*

Storparten av den breie sandstranda vert i stormfullt ver overfløymd av sjøen, og etter di det ikkje er noko livd utafor, går havbåra tungt på her. Så langt fram over sanden som båra bryt, kan det ikkje verta nokon fast vegetasjon. Dei plantar som har fått høve til å gro om sumaren, vil i alle høve verta sopte bort av stormane om vinteren. I den øvre delen av dette beltet kan ein finna einskilde eksemplar av *Atriplex glabriuscula*, *A. latifolia*, *Cakile maritima*, *Juncus bufonius* og *Polygonum heterophyllum*.

#### *Den øvre supralitoralen.*

I dette beltet er plantelivet straks rikare. Vegetasjonen er serleg frodig der det ligg rotnande taredungar. Dei dominerande plantane her er: *Atriplex glabriuscula*, *A. latifolia*, *Cakile maritima* og *Honckenya peploides*. *Honckenya peploides* og *Atriplex*-artene veks ofte kvar for seg i tette flekker. Av andre plantar i dette beltet kan nemnast:

<i>Agropyron repens</i>	<i>Polygonum heterophyllum</i>
<i>Agrostis stolonifera</i>	<i>P. norvegicum</i>
<i>Artemisia vulgaris</i>	<i>Ranunculus acris</i>
<i>Capsella Bursa-pastoris</i>	<i>Rumex crispus</i>
<i>Elymus arenarius</i>	<i>R. obtusifolius</i>
<i>Galium Aparine</i>	<i>Senecio vulgaris</i>
<i>Heracleum sibiricum</i>	<i>Silene Cucubalus</i>
<i>Matricaria inodora</i>	<i>S. maritima</i>
<i>Poa annua</i>	

På eit mindre stykke ved elva er sanden nokså våt, dette syner òg i vegetasjonen. På sjølve elvebarden veks det rikeleg med *Carex Goodenowii*, *Equisetum fluviatile*, *Glyceria fluitans* og *Rumex domesticus*. Den våte sandflata er tett tilgrodd. *Agrostis stolonifera* og *Carex incurva* dominerer, men elles er plantar som *Juncus bufonius*, *Equisetum arvense*, *Polygonum amphibium* f. *terrestre* og *Potentilla Anserina* svært vanlege.

#### *Epilitoralen.*

På den nordste delen av stranda gjev ein låg strandvoll tydeleg grensa mellom den supralitorale og epilitorale sone. Sandfoket er heller ikkje sterkare her enn at det meste av sanden vert stogga



Fig. 2. Den store sandmelen i Hoddevik. Fot. N. Søvik 1937.

av vegetasjonen i skråninga av denne strandvollen, slik at bøane som her går ned til stranda, ikkje lid nemnande skade av sanden.

Karakterplantane i skråninga på strandvollen er: *Agropyron junceum*, *Ammophila arenaria*, *Carex arenaria*, *Elymus arenarius*, *Festuca rubra*, *Honckenya peploides*, og *Lathyrus maritimus*. *Ammophila arenaria* dominerer på største delen av området, serleg øvst i skråninga. *Elymus arenarius* veks i eit meir eller mindre samanhengande belte nærmast taresona. På fleire stader finst større tettare flekker av *Lathyrus maritimus*, like eins av *Honckenya peploides*. *Agropyron junceum* og *Festuca rubra* veks meir spreidde over det heile. Det same gjeld òg *Carex arenaria*, som like vel sume stader kan vera dominerande.

Av plantar som veks meir eller mindre spreidde, kan eg nemna:

<i>Achillea Millefolium</i>	<i>Pimpinella saxifraga</i>
<i>Agropyron repens</i>	<i>Plantago lanceolata</i>
<i>Cakile maritima</i>	<i>P. maritima</i>
<i>Carum Carvi</i>	<i>Poa irrigata</i>
<i>Cerastium cæspitosum</i>	<i>Ranunculus acris</i>
<i>Anthriscus silvestris</i>	<i>Rhinanthus minor</i>
<i>Equisetum arvense</i>	<i>Rumex crispus</i>
<i>Heracleum sibiricum</i>	<i>Sedum acre</i>
<i>Knautia arvensis</i>	<i>Taraxacum officinale</i>
<i>Lolium perenne</i>	<i>Trifolium repens</i>
<i>Lotus corniculatus</i>	<i>Vicia Cracca</i>
<i>Matricaria inodora</i>	<i>V. sepium</i>

På søre parten av stranda er det brot i strandvollen, som venteleg før har gått rundt heile bukta. Den bratte skrånninga i den utrausa sandbarden der strandvollen sluttar, tyder i alle hove på dette. Som ein vil sjå av skissa (fig. 1), skjer det seg inn eit tungeforma vindbrot frå nord i dette området, og det er nok berre spørsmål om tid når den trekanta flata nedafor vert aura bort.

Mellom denne sandbarden og den store sandmelen i fjellskrånninga er sanden blåsen bort mest til same høgd som den flate sandstranda. På store deler av dette området er vegetasjonen svært grisen, men er tettast nedover mot den supralitorale sona. På overgangen mellom supralitoralen og epilitoralen er eit 3—4 m breitt belte tett tilvakse med *Honckenya peploides*, berre med mindre opne sandflekker inn imellom. Ovafor *Honckenya* har *Ammophila arenaria* fått feste, og er mest einerådande og veks nokså tett i eit 20—30 m breitt belte. Spreitt inn imellom fins litt *Elymus arenarius*, små flekker av *Honckenya peploides*, *Cakile maritima* og einskilde eksemplar av *Rumex crispus*. Lengre frå stranda er ikkje *Ammophila arenaria* så dominerande, her har andre planter teki plassen, soleis:

*Cakile maritima*  
*Festuca rubra*  
*Galium Aparine*  
*Heracleum sibiricum*  
*Knautia arvensis*  
*Lathyrus maritimus*  
*Lotus corniculatus*  
*Matricaria inodora*  
*Pimpinella saxifraga*

*Plantago lanceolata*  
*P. maritima*  
*Polygonum norvegicum*  
*Potentilla Anserina*  
*Ranunculus acris*  
*Sedum acre*  
*Taraxacum officinale*  
*Vicia Cracca*

I den store sandmelen i fjellskrånninga er det ein svært sparsam vegetasjon, og store deler av sandmelen er heilt fri for plantar. Sanden er så uroleg at plantane vanskeleg får feste, her til kjem at det ikkje vert hegna det minste om sandfeltet. Ved siste utskifting i Hoddevik vart heile sandmelen og eit godt stykke ned over flata rekna som verdraus jord, og vart difor ikkje skift mellom gardeigarane. Dei har seinare vorte samde om skiftevis å slå graset på kvar sine teigar i denne sameiga. Etter di det er mange som har lite før, vert det slegi alt for vel på sandfeltet, til og med dei få tilgrodde flekkene av *Ammophila* og *Elymus* i sandmelen. Her til kjem at geitene som beiter i fjellet, ofte vitjar sandmelen. Eg trur ein kan seia at dette er viktigaste grunnen til at den store sandmelen er så lite tilgrodd.

På overgangen mellom flata og sandmelen er vegetasjonen nokså tett og med mange arter, såleis: *Cakile maritima*, *Equisetum arvense*, *Festuca rubra*, *Heracleum sibiricum*, denne siste i store




Fig. 3. Det tilgrodde området i sandmelen. Fot. N. Søvik 1937.

mengder serleg ved austre halvparten av sandmelen. Vidare *Knautia arvensis*, *Lotus corniculatus* (dekkjer ofte vide flekker åleine), *Pimpinella saxifraga*, *Ranunculus acris*, *Sedum acre*, *Vicia Cracca* og *V. sepium*. Her er sanden heilt bunden av plantedekket og ikkje nemnande utsett for sandfok. Men i eit smalt belte nærmast skråninga skifter vegetasjonen med eitt. Her gjer sandfoket seg sterkt gjeldande. Mest heile foten av sandmelen er dekt av *Ammophila arenaria*, og det har her bygt seg opp fleire mindre sandhaugar. Av andre viktige plantar her kan nemnast: *Agropyron junceum*, *Elymus arenarius*, *Festuca rubra* og *Honckenya peploides*. Det er dessutan desse artene som saman med *Ammophila arenaria* tøyser seg lengst opp i sandmelen, fleire stader 30—40 m opp i skråninga, og i austre delen av sandmelen, på eit trekanta stykke når vegetasjonen heilt til topps ved høgste punktet i skråninga. På biletet (fig. 3) skil det tilgrodde stykket seg ut i sandskråninga med sin mørke farge.

Etter dei opplysningane eg har fått av bygdefolk, har dette området grodd til i dei siste åra, og vegetasjonen har breitt seg frå flata og opp gjennom skråninga. Eg har teki nokre vegetasjonsanalyser her, i ymse høgder i skråninga. Desse analysene syner tydeleg korleis plantane har vandra inn i den urolege flygesanden, og kva slag plantar det er som går i førevegen. På kartskissa (fig. 1) er merkt av numra på tabellane for dei einskilde analysene.

Tabell 1.

Vegetasjonsanalyser fra foten av skråninga ved det tilgrodde området i sandmelen. 5. august 1937. Kvar prøveflate 1 m<sup>2</sup>.

Tabell 2.

Vegetasjonsanalyser fra det tilgrodde området ca. 20 m opp i skråninga. 5. august 1937. Kvar prøveflate 1 m<sup>2</sup>.

Tabell 3.

*Vegetasjonsanalyser fra det tilgrodde området ca. 35 m opp i skrånninga. 5. august 1937. Kvar prøveflate 1 m<sup>2</sup>.*

Tabell 4.

*Vegetasjonsanalyser fra det tilgrodde området ca. 75 m oppe i skrånninga. 5. august 1937. Kvar prøveflate 1 m<sup>2</sup>.*

Tabell 5.

Vegetasjonsanalyser fra det tilgrodde området ved høgstpunktet av den store sandmelen. 5. august 1937. Kvar prøvesflate  $1\text{ m}^2$ .

Som ein vil sjå av tabell 5, er det berre tre arter som har nådd heilt opp til toppen av sandmelen. Minst er det av *Honckenya peploides*, og mest av *Ammophila arenaria*, som kan vera heilt dominerande.

I nordvestre enden av sandmelen er det eit mindre stykke nær stranda som er nokså tett tilgrodd. Sandmelen er her ikkje meir enn 10—15 m høg, og mest flat oppå. På kartskissa (fig. 1) er merkt av eit vindbrot på denne flata, det er om lag 35 m langt og 20 m breitt. Den utrausa sandbarden nærmast stranda er 5—6 m høg og svært bratt, medan det skrår meir jamnt oppover frå botnen av gropa mot søraust. Den bratte sandskråninga er heilt fri for vegetasjon, men i botnen og på den slake skråninga av gropa har fleire arter fått feste. Det er først og fremst *Ammophila arenaria*, *Elymus arenarius*, *Agropyron junceum*, *Honckenya peploides* og *Festuca rubra*, men også, og det meire spreitt: *Achillea Millefolium*, *Heracleum sibiricum*, *Knautia arvensis*, *Pimpinella saxifraga*, *Poa irrigata*, *Sedum acre*, *Silene Cucubalus* og *Vicia Cracca*.

Frå denne vindgropa hallar det litt nedover mot botnen av eit breitt søkk i sandmelen. Biletet (fig. 4) syner noko av denne staden i retning mot søraust. Plantedekket i botnen er ganske tett. Eg har her notert desse artene:

<i>Achillea Millefolium</i>	<i>Poa irrigata</i>
<i>Cakile maritima</i>	<i>Potentilla Anserina</i>
<i>Cirsium heterophyllum</i>	<i>Ranunculus acris</i>
<i>Elymus arenarius</i>	<i>Rumex crispus</i>
<i>Equisetum arvense</i>	<i>Sedum acre</i>
<i>Festuca rubra</i>	<i>Silene Cucubalus</i>
<i>Galium verum</i>	<i>Solidago Virgaurea</i>
<i>Heracleum sibiricum</i>	<i>Taraxacum officinale</i>
<i>Honckenya peploides</i>	<i>Trifolium pratense</i>
<i>Knautia arvensis</i>	<i>T. repens</i>
<i>Lotus corniculatus</i>	<i>Vicia Cracca</i>
<i>Pimpinella saxifraga</i>	<i>V. sepium</i>
<i>Plantago lanceolata</i>	

Sume stader tøyer vegetasjonen seg 40—50 m opp i skråninga, men det er få arter her. Lengst opp når *Agropyron junceum*, *Ammophila arenaria*, *Elymus arenarius* og *Honckenya peploides*. I nedre delen av skråninga finn ein dessutan *Cakile maritima*, *Festuca rubra*, *Heracleum sibiricum*, *Knautia arvensis*, *Pimpinella saxifraga*, *Sedum acre* og *Silene Cucubalus*.

Det meste av flata langsmed sandmelen har eit nokså tett plantedekke, men ein skimter likevel sanden godt igjennom på størsteparten av flata. Det er svært vanskeleg å seia kva det er for plantar som er dominerande her. Det som fell mest i auga, er



Fig. 4. Frå sandmelen nær sjøen, sett mot SE. Fot. N. Søvik 1937.

den store mengda av *Heracleum sibiricum*, og at det er rikeleg av *Primula veris* og *Gymnadenia conopsea*. Dei plantar eg elles har notert her er:

<i>Achillea Millefolium</i>	<i>Leontodon autumnalis</i>
<i>Agropyron repens</i>	<i>Linum catharticum</i>
<i>Agrostis stolonifera</i>	<i>Lolium perenne</i>
<i>A. tenuis</i>	<i>Lotus corniculatus</i>
<i>Allium oleraceum</i>	<i>Myosotis arvensis</i>
<i>Anthyllis Vulneraria</i>	<i>Pimpinella saxifraga</i>
<i>Avena pubescens</i>	<i>Plantago lanceolata</i>
<i>Briza media</i>	<i>Poa irrigata</i>
<i>Campanula rotundifolia</i>	<i>Ranunculus acris</i>
<i>Carex arenaria</i>	<i>Rhinanthus minor</i>
<i>C. Goodenovii</i>	<i>Rumex Acetosella</i>
<i>C. incurva</i>	<i>R. crispus</i>
<i>Carum Carvi</i>	<i>R. domesticus</i>
<i>Cerastium caespitosum</i>	<i>Sagina procumbens</i>
<i>Anthriscus silvestris</i>	<i>Saussurea alpina</i>
<i>Dactylis glomerata</i>	<i>Sedum acre</i>
<i>Deschampsia flexuosa</i>	<i>Silene Cucubalus</i>
<i>Equisetum arvense</i>	<i>Taraxacum officinale</i>
<i>Festuca pratensis</i>	<i>Trifolium pratense</i>
<i>F. rubra</i>	<i>T. repens</i>
<i>Galium verum</i>	<i>Vicia Cracca</i>
<i>Honckenya peploides</i>	<i>V. sepium</i>
<i>Knautia arvensis</i>	

Om lag midt for den store sandmelen er det nede på flata fleire større groper etter vindbrot. Dei bratte utaura kantane er utan vegetasjon, men i botnen er dei noko tilgrodde. Dei karakteristiske artene er her som elles på laus sand:

*Agropyron junceum*  
*Ammophila arenaria*  
*Elymus arenarius*  
*Festuca rubra*  
*Heracleum sibiricum*  
*Honckenya peploides*  
*Knautia arvensis*

*Lotus corniculatus*  
*Pimpinella saxifraga*  
*Ranunculus acris*  
*Rumex crispus*  
*Silene Cucubalus*  
*Vicia Cracca*

Frå austre enden av sandmelen aurast det som før nemnt ein god del sand langt ned over bøen med flaumvatnet frå fjellsida. Dette sandfeltet er komi til i dei siste åra, og eigaren, Anton Hoddevik, har mist ikkje så lite dyrka jord. Etter overslag frå Vassdragsverket vil det verta alt for kostesamt å leida flaumvatnet bort, og det finst knapt nokon annan måte å råda bot på sandflaumen.

Største delen av denne sandflata er utan vegetasjon. Av dei plantane som greier seg best, kjem *Heracleum sibiricum* i fyrste rekka. Men det finst òg einskilde tuver med *Ammophila arenaria*, *Elymus arenarius* og *Festuca rubra*. Meir spreidde er *Achillea Millefolium*, *Lotus corniculatus*, *Pimpinella saxifraga*, *Taraxacum officinale* og *Vicia Cracca*. I utkantane av sandfeltet veks fleire arter, såleis:

*Agropyron repens*  
*Carum Carvi*  
*Anthriscus silvestris*  
*Deschampsia caespitosa*  
*Equisetum arvense*  
*Knautia arvensis*  
*Lolium perenne*

*Pimpinella saxifraga*  
*Plantago lanceolata*  
*Poa irrigata*  
*Ranunculus acris*  
*Rumex crispus*  
*Silene Cucubalus*  
*Vicia sepium*

Utanom det vanlege i vegetasjonen på dette sandfeltet kan nemnast ei større tuve med eit tett kjerr av *Salix phylicifolia*.

Fjellskråninga kring den store sandmelen er for det meste slett grasbakke som vert nytta til slåttemark. Berre ved høgste punktet av sandmelen når berget fram til den opne sanden. Etter dei prøvar eg har teki i denne fjellskråninga syner det øvste jordlaget seg å vera sterkt sandblanda. Truleg har denne grasbakken same opphav som den store sandmelen. Skråninga ligg på skuggesida av dalen og det er difor ikkje so lite tilsig av vatn frå fjellet. Dette gjer at det er ein frodig vegetasjon på denne sandjorda. Eg har her notert følgjande arter:

*Achillea Millefolium*  
*Agropyron repens*  
*Agrostis tenuis*

*Alchemilla vulgaris*  
*Allium oleraceum*  
*A. ursinum*

<i>Ammophila arenaria</i>	<i>Luzula campestris</i>
<i>Anthoxanthum odoratum</i>	<i>L. silvatica</i>
<i>Anthyllis Vulneraria</i>	<i>Melandrium rubrum</i>
<i>Arrhenatherum elatius</i>	<i>Myosotis arvensis</i>
<i>Avena pubescens</i>	<i>Oxyria digyna</i>
<i>Briza media</i>	<i>Parnassia palustris</i>
<i>Cakile maritima</i>	<i>Phleum pratense</i>
<i>Campanula rotundifolia</i>	<i>Pimpinella saxifraga</i>
<i>Carex flacca</i>	<i>Plantago lanceolata</i>
<i>C. Goodenowii</i>	<i>Poa irrigata</i>
<i>Carum Carvi</i>	<i>Polygonatum verticillatum</i>
<i>Cerastium caespitosum</i>	<i>Polygonum heterophyllum</i>
<i>Cirsium heterophyllum</i>	<i>P. norvegicum</i>
<i>Convallaria majalis</i>	<i>P. viviparum</i>
<i>Dactylis glomerata</i>	<i>Potentilla erecta</i>
<i>Deschampsia caespitosa</i>	<i>Primula vulgaris</i>
<i>D. flexuosa</i>	<i>P. veris</i>
<i>Elymus arenarius</i>	<i>Prunus Padus</i>
<i>Equisetum arvense</i>	<i>Ranunculus acris</i>
<i>Euphrasia</i> sp.	<i>Rhinanthus minor</i>
<i>Festuca pratensis</i>	<i>Rumex Acetosa</i>
<i>F. rubra</i>	<i>R. Acetosella</i>
<i>Galium verum</i>	<i>R. crispus</i>
<i>Geum rivale</i>	<i>Sagina procumbens</i>
<i>Gymnadenia conopsea</i>	<i>Saxifraga aizoides</i>
<i>Heracleum sibiricum</i>	<i>Sedum acre</i>
<i>Hieracium</i> sp.	<i>Silene Cucubalus</i>
<i>Holcus lanatus</i>	<i>Solidago Virgaurea</i>
<i>H. mollis</i>	<i>Succisa pratensis</i>
<i>Hypericum maculatum</i>	<i>Taraxacum officinale</i>
<i>Knautia arvensis</i>	<i>Trifolium pratense</i>
<i>Lathyrus pratensis</i>	<i>T. repens</i>
<i>Leontodon autumnalis</i>	<i>Veronica Chamaedrys</i>
<i>Linum catharticum</i>	<i>Vicia Cracca</i>
<i>Listera ovata</i>	<i>V. sepium</i>
<i>Lolium perenne</i>	<i>V. sylvatica</i>
<i>Lotus corniculatus</i>	<i>Viola tricolor</i>

### Sandfeltet ved Ervik.

På liknande måte som Hoddevik, skjer Ervik seg inn i Stadhalvøya frå nordvest, men her er det ikkje så bratte fjellskråningar som i Hoddevik. Søraustover frå Ervik går eit breitt dalføre, og mot sør og sørvest er det berre ein låg ås. Mot nord derimot stengjer det bratte, vel 500 m høge fjellet Kjerringa. I nordvest er det ope mot havet utan livd av øyar eller holmar.

I Ervik er det òg langgrunnt og sandbotn lang utover frå stranda, og ei brei sandstrand kring heile inste delen av bukta gjev rikeleg tilfang til flygesand. Dei lokale tilhøva gjer at det her ikkje vert slik samanhoping av sand som i Hoddevik. Men her er det derimot eit samanhangande flygesandfelt kring heile inste delen av bukta, og med små og flata sandhaugar. På kartskissa (fig. 5)




Fig. 5.

# BLYTTIA

NORSK BOTANISK FORENING'S TIDSSKRIFT



BIND 2

---

OSLO 1944

Redaktør: konservator dr. ERLING CHRISTOPHERSEN.

Redaksjonskomité: universitetsstipendiat GEORG HYGEN,  
statsmykolog dr. IVAR JØRSTAD, bibliotekar PETER KLEPPA,  
konservator JOHANNES LID.

Trykt med bidrag av Fridtjof Nansens fond.

---

A. W. BRØGGERS BOKTRYKKERI A/S

## Innhold.

	Side
Andreassen, Kr.: Er <i>Lonicera coerulea</i> viltvoksende i Norge? .....	25
Braarud, Trygve: Plantoplanktonets høstmaksimum ved Norskekysten .....	57
— Klasseturer i botanikkundervisningen .....	105
Hagen, Asbjørn: Nye norske lokaliteter for <i>Onygena equina</i> og <i>O. corvina</i> .....	100
Høeg, Ove Arbo: <i>Poa supina</i> i Norge .....	21
— Om <i>Scleroderma aurantium</i> Pers. og <i>Boletus parasiticus</i> Fr. i Norge ..	65
— Om forholdstallene for de tre slags blomster av <i>Lythrum salicaria</i> i Norge .....	71
Jørstad, Ivar: Notes on Norwegian Fungi. 1—3 .....	33
Nordhagen, Rolf: Bidrag til Norges flora. I. <i>Impatiens parviflora</i> DC., en ny ugrasplante på Vestlandet .....	1
Reiersen, Johannes: Plantelister fra vann i Vesterålen .....	42
Strøm, Kaare Münster: Algal Phylogeny. An Essay in the Descent of Plants .....	10
Søvik, Nils: Om vegetasjonen på flygesandfelt på Stad .....	81
Tryti, Brynjulf: Floraen i Semsvatnet og noen andre vann i Asker .....	75
Vogt, Thorolf: <i>Arenaria norvegica</i> fra Røros og noen andre plantefunn .....	87
 Småstykker	
Andreassen, Kr.: <i>Elymus arenarius</i> i Eidsberg .....	79
Christophersen, Erling: Nye voksessteder for <i>Epipogium aphyllum</i> .....	50
Fægri, Knut: Om <i>Cornus suecica</i> f. <i>chlorantha</i> O. Dahl .....	77
Grønningsæter, Børre I.: Om floraen på Pytteggja og i Hanadalen .....	48
Lid, Johannes: Nye høgdegrenser for karplantar i Gol og Lom .....	80
Mejland, Yngvar: Om <i>Cornus suecica</i> f. <i>chlorantha</i> O. Dahl .....	78
Røskeland, Askell: Noen korgplanter fra Stord .....	49
 Nekrologer	
Lid, Johannes: Fredrik Jebe (1876—1944) .....	51
Printz, Henrik: Asbjørn Ordning (5. sept. 1905—10. feb. 1944) .....	27
 Litteraturanmeldelser	
O. A. Hoffstad: Norsk flora (Trygve Braarud) .....	54
Johannes Lid: Norsk flora (Erling Christophersen) .....	55
Rolf Nordhagen: Sikilsdalen og Norges fjellbeiter (Erling Christophersen) .....	53
— Norsk flora (Erling Christophersen) .....	53
Norsk Botanisk Forening .....	29



er det minst tilgrodde av flygesandområdet prikka. Den breie vegetasjonsfrie sandstranda har eg berre merkt ut ved lågaste og høgste flodområlet.

#### *Den nedre supralitoralen.*

Denne sona strekkjer seg som nemnt langsmed det indre av bukta og i ei lengde av om lag 800 m. Ho er breast ved midten av bukta og her er ca. 100 m mellom det vanlege flodområlet og høgste grensa for springflood. Både mot nord- og sørvestsida smalnar ho sterkt av. Heile denne sona er noko så nær flat, så nær som ei litt brattare skråning ved lågaste flodområlet. Største delen av denne flata er så å seia heilt fri for vegetasjon, for ved springflood og pålandsstorm går sjøen innover, og båredraget rotar om sanden slik at det ikkje kan verta høve til nokon varig vegetasjon. I den øvre del av sona kan ein finna einskilde eksemplar av *Atriplex*, *Cakile maritima*, *Honckenya peploides*, *Juncus bufonius* og *Polygonum heterophyllum*.

#### *Den øvre supralitoralen.*

Det er i denne sona ein god del ilanddrevne tare som er meir eller mindre ned sandy. Når taren rotnar, gjev han rikeleg næring så vegetasjonen her er ganske frodig om ikkje så rik på arter. Tarebeltet varierer i breidd frå 5—10 m.

Dei plantar som her er mest karakteristiske, er: *Atriplex*-arter og *Honckenya peploides*. Dei veks i eit meir eller mindre samanhangande belte, serleg er det tette flekker av *Honckenya peploides*. Meir spreidde er:

<i>Agropyron junceum</i>	<i>Juncus bufonius</i>
<i>A. repens</i>	<i>Poa annua</i>
<i>Agrostis stolonifera</i>	<i>Polygonum heterophyllum</i>
<i>Artemisia vulgaris</i>	<i>P. norvegicum</i>
<i>Cakile maritima</i>	<i>Ranunculus acris</i>
<i>Capsella Bursa-pastoris</i>	<i>Rumex crispus</i>
<i>Elymus arenarius</i>	<i>Sedum acre</i>
<i>Heracleum sibiricum</i>	<i>Silene Cucubalus</i>

#### *Epilitoralen.*

Ein låg strandvoll går frå kyrkjegarden til eit stykke forbi elva, og skil skarpt mellom øvre supralitoralen og epilitoralen. Denne strandvollen er om lag like høg heile vegen, men skråninga ned mot sandstranda varierer noko i breidd, frå 8—15 m.

Vegetasjonen i denne skråninga er nokså tett etter heile stranda, og stoggar sandfoket frå den breie sandstranda så godt at det er



Fig. 6. Frå flygesandfeltet i Ervik. Strandregionen. Fot. N. Søvik 1937.

lite open sand i dette området. Biletet (fig. 6) syner ein del av strandregionen.

Av karakterplantar i denne skråninga kjem i fyrste rekke *Agropyron junceum*, *Ammophila arenaria*, *Carex arenaria*, *Elymus arenarius* og *Lathyrus maritimus*. *Ammophila arenaria* er den mest dominerande, men på fleire stader er det meir av *Carex arenaria*. Så er det einskilde større flekker med *Lathyrus maritimus*. *Elymus arenarius* veks mest i eit tettare belte nede ved taresona. *Festuca rubra* veks i heile skråninga, men i det heile meir grise enn dei før nemnde. Meir spreidde i strandvollen veks følgjande arter:

<i>Achillea Millefolium</i>	<i>Polygonum heterophyllum</i>
<i>Anthyllis Vulneraria</i>	<i>P. norvegicum</i>
